

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019**

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 24/19 KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn 2019/2020 på sakslista for møtet utan saksførelegg.

**Inger Sjong (FL H/FRP/V/MDG)** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet sender følgjande uttale til fylkesrådmann:

Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrist i alle saker som omhandlar eldre.»

### **Røysting**

Sjong sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet sender følgjande uttale til fylkesrådmann: «Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrist i alle saker som omhandlar eldre.»